

Hordastemnet Baneskyting 2018.



INNBYDING HORDASTEMNET BANE 09 – 10 .JUNI 2018.

Hardanger skyttarlag ber med dette skyttarane i Hordakretsen inn til årets Hordastemne i baneskyting, som skal føregå på laget sitt nye baneanlegg i Vangdalsåsen ved Tørvikbygd.

Hardanger Skyttarlag tek atterhald om at laget sine egne skyttarar og evt. skyttarar frå nabolag, vil skyta fredag 08. juni. Dette gjeld ikkje skyttarar i kl 5, som vil bli forsøkt samla i eitt lag. Påmelding og registrering i skyttarhuset seinast 30 minutt før oppsett skytetid.

Stang og Felthurtig

Så sant me får klar stang- og feltarena, vert det Stang og Felthurtig skyting i same område. Må òg ta atterhald om godkjenning frå brannvesenet. Både stang og felthurtigskytinga vil foregå mot mekanisk figur. **Me oppmodar skyttarane som har innleiande skytetid på bane frå kl 1400 og utover til å gjennomføre dette før baneskytinga.** Både Stang og Felthurtigskyting vert avslutta seinast 30 minutt etter at den innleiande skytinga på bane er ferdig.

Når det gjeld Stang- og Felthurtigskyting, er det berre **klasse Junior** av skyttarar under 18 år som har høve til å delta, ref. presisering i vedtak på Skyttartinget 2016 sak 9. Tiltrår at desse nyttar vanleg ammunisjon med tilstrekkeleg kulevekt og anslagsenergi slik dei har høve til.

HK416 kan ikkje delta om Stang-medaljen, men deltek på lik linje på felthurtigskytinga.

All innleiande skyting, inkludert Stang- og Felthurtigskyting og lagskyting, skal vera avslutta laurdag kveld, slik at sundagen er sett av til samlagsskytingar og finalar.

Skyteprogram bane etter tabell 11.110 i Skyttarboka

Påmeldingsavgift baneskyting:

Arr. avgift Klasse 1-5, V55/65/73, AG3/HK416, Åpen kl	120,-
Premieinnskot	120,-
Sum	240,-

Arr. avgift Klasse R/ER/J/EJ/NV	80,-
Premieinnskot	80,-
Sum	160,-

Påmeldingsavgift stang og felthurtig skyting:

	Stang	Felthurtig
Arr. Avgift Stang og felthurtig skyting	25,-	25,-
Premie innskot stang og felthurtig skyting	25,-	25,-
Sum stang og Felthurtigskyting	50,-	50,-

Samlagsskyting kl 1-5 Sjå Skyttarboka 11.161.

Kl 1-5: Det kan meldes på inntil 3 lag på kl 1-5 der 1 av laga skal vera for skyttarar 23 år og yngre. 4 skyttarar på kvart lag.	150,- pr lag
--	--------------

Samlagsskyting kl R/ER/JR Sjå Skyttarboka 11.162

Det kan meldast på inntil 2 lag. (2 R/ER og 2Jr).	150,- pr lag
---	--------------

Hordastemnet Baneskyting 2018.



Samlagsskyting kl V65/V73/V55 Sjå Skyttarboka 11.163.

Det kan meldast på inntil 2 lag. (2 V65/V73 og 2V55)	150,- pr lag
--	--------------

Lagskyting kl 1-5 (program som for samlagsskyting)

Det kan meldes på 1 lag bestående av 3 forhandsuttekne skyttarar (ref Skyttarboka 11.216 nr 2)	150,- pr lag
--	--------------

Lagskyting kl R/ER-Jr (program som for samlagsskyting)

Det kan meldast på 1 lag bestående av 3 forhandsuttekne skyttera med minimum 1 Jr skyttar (ref 11.216). Dersom ein ikkje har Jr skyttar på stevnet kan ein R/ER skyt jr program men ikkje motsatt.	150,- pr lag
--	--------------

Lagskyting kl V55/V65 og V73 (program som for samlagsskyting)

Skytinga foregår på 100m. Det kan meldast på 1 lag bestående av 3 forhandsuttekne skyttera (ref 11.216). Minst ein av skyttarane skal vera V55. Ein kan stilla med 3 V55 der alle skyt V55 program, eller 3 frå V65-V73, men då må 1 skyta V55 program. Sjå elles punkt 11.216	150,- pr lag
--	--------------

Påmelding:

Individuell påmelding på Mitt DFS frå **10 t.o.m. 27. Mai**. Skytetider vert sendt ut 1. juni 2018.

Påmelding av lag til lag- og samlagsskytinga på banen innan kl. 14.30 laurdag 10. Juni.

Kvart skytterlag tel opp sine skyttarar, betaler arrangementsavgifta og returnerer vedlagt påmeldingsskjema til **hardanger@skytterlag.no innan 1.Juni 2016**

Premieinnskottet bane skal betalast ved frammøte.

Stang og felthurtig skal betalast fullt ut ved frammøte.

Skyttarar som ikkje er førehandspåmelde kan skyta på ledige skiver etter vanleg køordning.

Påmelding til Stang og Felthurtigskytinga skjer på banen ved frammøte.

Premiering:

Det vert 1/3 premiering i alle klassar på 15- og 10 skot,

Premieringa vert ein kombinasjon av gåvepremiar og pengepremiar.

Gåvepremiar/pengepremiar til 1/3 i alle klassar på Stang- og felthurtigskytinga.

Trofeaar, medaljer og stjerner på meisterskap iht. til Regelhefte for Hordastemna

Gåvepremiar:

Vi oppmodar at alle deltakande lag stiller med gåvepremie i form av pengesum saman med arrangementsavgifta.

Skytetider og resultat:

Vert publisert på laget si heimeside og FB-side, lagt ut på DFS.no/resultater, samt sendt til laga på epost.

Servering:

Det vert sal av varm mat og anna lett servering i kafeteriaen i skyttarhuset begge dagane.

Hordastemnet Baneskyting 2018.



Overnatting:

- Thon Hotell Sandven 56 55 20 88
- Oddland camping 907 95 552
- Hardanger feriesenter 920 50 955
- Mo camping 56 66 17 27
- Hardingasete 56 55 39 30
- Strandebarm sportell 56 55 14 50
- Hardanger fjordhytter 56 55 51 80/ 959 97 500
- Sjå elles www.visitkvam.no

Campingvogn/bubilar:

Me tek sikte på å leggja til rette for parkering av campingvogner og bubilar på skeet-banen like nedanfor skyttarhuset. Plassen er begrensa, så me oppmodar interesserte om å tinga plass på førehand. Pris kr 200,- pr døgn utan straum. Toalettanlegg (1 toalett) vil stå ope i skyttarhuset. Plasstinging til hardanger@skyttarlag.no.

Foreløpig tidstabell:

100m

Fredag	1700-2000	Innleiande skyting (Hardanger Skyttarlag og evt. lokale lag)
Laurdag	0900-1525	Innleiande skyting
Laurdag	1600-1730	Lagsskyting R, ER og Jr
Laurdag	1730-1900	Lagsskyting Veteran
Sundag	0900-1030	Samlagsskyting Veteran
Sundag	1030-1200	Samlagsskyting R, ER og J
Sundag	1200-1240	Finale Bane V65
Sundag	1240-1310	Finale Bane V73
Sundag	1310-1350	Finale Bane R
Sundag	1350-1430	Finale Bane ER
Sundag	1430-1500	Finale Bane J

200m

Fredag	1700-2000	Innleiande skyting (Hardanger Skyttarlag og evt lokale lag)
Laurdag	0900-1525	Innleiande skyting
Laurdag	1600-1730	Lagskyting kl 3-5
Sundag	1100-1300	Samlagsskyting kl. 3-5
Sundag	1300-1330	Finale Bane kl.2
Sundag	1330-1400	Finale V55
Sundag	1400-1500	Finale kl. 3-5

Stang og Felthurtig

Fredag	1700-2000
Laurdag	0900-1600

Utfyllande informasjon om, og frå stemnet vert lagt ut på heimesida vår og på FB-sida til laget.

VELKOMMEN TIL HORDASTEMNET 2018!

Med skyttarhelsing
Hardanger skyttarlag